

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 14.08.2020  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 27.05.20 - 14.08.20**

**ARKIVSAK:** 2020/87  
**STYRESAK:** 096/20

**STYREMØTE:** 02.09. 2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

.....

### Oversikt over aktuelle lover i perioden 27.05.20 - 14.08.20

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/lovendinga gjeld
Lov om endringar i bioteknologilova mv	19.06.20	Stortinget vedtok 8. juni 2020 fleire endringar i bioteknologilova. Dei fleste endringane tok til å gjelde frå 1. juli 2020. Endringane som opnar for eggdonasjon trer i kraft seinast 1. januar 2021.  Pressemelding som gir utfyllande informasjon om endringane følgjer vedlagt.

### Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 27.05.20 - 14.08.20

<b>Forskrift</b>	<b>Dato for kunngjøring</b>	<b>Kva forskrifta/endinga gjeld</b>
Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbrotet (covid-19-forskriften)	13.08.20	Covid-19-forskriften blei vedteken 27. mars 2020. Forskrifta er gjennom sommaren jamleg endra, siste endring fann stad 13.08.20.
Mellombels forskrift om handtering av enkelte innsynskrav som blir fremja overfor koronakommisjonen.	14.08.20	Koronakommisjonen kan bestemme at krav om innsyn i dokument som er oversende frå organ som er omfatta av offentleglova, og som gjeld styresmaktene si handtering av covid-19-utbrotet, andre tilhøve tilknytt dette utbrotet eller emne som elles er omfatta av mandatet til kommisjonen, skal behandlast av avsenderorganet.

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 27.05.20 - 14.08.20**

<b>Myndigheitskrav</b>	<b>Dato</b>	<b>Kva saka gjeld</b>
Føretaksmøte Helse Vest RHF	10.06.20	<p>Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 10. juni for behandling av årleg melding 2019, godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2019, godkjenning av godtgjering til revisor, val av revisor og endring i driftskredittramma for 2020.</p> <p>I tillegg blei det i føretaksmøte gitt reviderte krav og oppdrag for 2020.</p> <p>Styret behandlet protokollen i styremøte 17. juni 2020, sak 093/20.</p>